



Arkivsaknr: 2024/1421-52
Sakshandsamar: Inge Andre Johannessen
Avdeling:

SAKSFRAMLEGG

Klage på vedtak - KNARA - Hovudreinseanlegg i Knarvik planid.
46312023004

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagene frå partane i saka, på kommunestyret (KO) sitt vedtak om godkjenning av reguleringsplan for hovudreinseanlegg i Knarvik, planid. 46312023004 datert, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«I medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 12-12 har Alver kommunestyre 18.09.2025 handsama framlegg til reguleringsplan med slikt vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for DRP – Hovudreinseanlegg i Knarvik, PlanID 46312023004, sak PS 113/2025 som vist på plankart datert 1.7.2025 med tilhøyrande føresegner. De er med dette gjort kjend med vedtaket. Den vedtekne reguleringsplanen er straks bindande for framtidig arealbruk i området, samt for utviding av eksisterande tiltak, jf. pbl §12-4.»

SAKSUTGREIING

Kommunestyre (KO)- vedtak:

Påklaga vedtak	Vedtak om godkjenning av reguleringsplan
Forslagsstillar:	Asplan Viak AS, på vegner av Alver kommune
Klagarar:	Trine Cecilie Johansen Lie, Kai Kristoffer Lie, Kvassnesvegen 85 Arvid Vatnøy, Kvassnesvegen 55

Vurderingstema for APM

APM må vurdera om klagen på vedtak om godkjenning av reguleringsplan frå klagarane skal takast til følge. Ein må vurdere den vedtekne planen opp mot dei konsekvensar han fører til for klagepartane og om det i så fall skal gjerast endringar i plan for å kompensere for desse ulempene.

Dersom APM/KO vel å endre sitt planvedtak, kan KO sende planen tilbake til kommunedirektøren som i samråd med forslagsstillar og aktuelle sektormynde vil oppdatere plandokumenta i tråd med nytt vedtak.

Det presiserast at spørsmål om innløyning av eigedom ikkje gjenstand for klagebehandling i denne saka.

Klage, klagerett, klagefrist og tidlegare handsaming i APM

Kommunen har motteke to klager i saka. Den eine klagen er kalla «høyringssvar», men det kjem klårt fram av kontekst at det må sjåast på som ein klage.

Det er sjølve planvedtaket som er påklaga. Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine føresegner.

Partar som vert direkte påverka av vedtaket har klagerett i sakar som gjeld enkeltvedtak. Den eine klagen er frå grunneigar som er direkte nabo til planområdet (Kvassnesvegen 85). Den andre har eigedom i nærleiken Kvassnesvegen 55). Administrasjonen vurderer saka slik at begge partar har klagerett.

Plan vart endeleg vedtatt 18.09.2025. Klagen er motteke høvesvis 26.10.2025 og 27.10.2025. Dette etter avtale med kommunen og soleis innan klagefristen.

Klage over vedtak i plansaka har ikkje vore handsama i APM/KO tidlegare.

For nærare opplysingar om planvedtaket vert det vist til aktuelle plandokument i tråd med kommunestyret sitt vedtak av 18.09.2025 i sak 24/1421.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert området slik vist i reguleringsplan for hovudreinseanlegg for Knarvik, plan.id 46312023004.

Kart og foto




Fig. 1 – vedtekte plankart



Fig. 2 - illustrasjonsplan

Uttale frå andre mynde

Det visast til tidlegare planprosess. Saka har ikkje vore lagt fram for andre mynde i klageomgangen.

Klagegrunnar

Administrasjonen har samanfatta klagen som følgjer:

Klage frå Trine Cecilie Johansen Lie og Kai Kristoffer Lie – Kvassnesvegen 85:

Lokalisering av reinseanlegget

Hovudpunktet i klagen er at hovudreinseanlegget er lokalisert ved Kvassnesstemma i Knarvik. I klagen er følgjande hovudinnvendingar mot lokaliseringa:

1. Feil å lokalisera ein høg industrihall i det einaste universelt tilgjengelege rekreasjonsområdet.
2. Tiltaket fører til lukt, støy og visuell forureining.
3. Manglande utgreiing av andre lokaliseringar.
4. Manglande konsekvensutgreiing.
5. Bumiljøet er ikkje vurdert.
6. Tiltaket er i konflikt med å utvikla Knarvik som eit attraktiv kommunesenter.

Klage frå Arvid Vatnøy – Kvassnesvegen 55:

1. Midlertidig anleggsvei mellom Kvassneset øvre og Kvassneset nedre. Den midlertidige anleggsveien vil rasere trær i skåningen ned mot kyststien og vil gjere prosesshallen unødvendig synleg frå kyststien mellom Kvassneset øvre og nedre i overskodede framtid. Derfor må eksisterande veier nyttast framfor å bygge en unødvendig anleggsvei.
2. Trelinje for beskyttelse av visuelle omgjevnadar mot vest (Studio Nor m.fl.)
3. Kamuflerande plantning på taket istadenfor glinsande solcellepanelar
4. Fjerne felte trær framfor å la dem ligge til forråtnelse og skjemsle
5. Kutte fasadelys som ikkje har annan funksjon enn pynt
6. Prosesshallen må senkast meir
7. Turteller for å kunne dokumentere endra bruk av rekreasjonsområdet
8. Støynivået må være tilpassast nabolagets behov
9. Luktkravet må samsvare med maksimalverdi frå opphavsleg spreingsanalyse
10. Saksbehandlingsfeil: Gammal i staden for ny luktspreingsanalyse vedlagt saken
11. Saksbehandlingsfeil: Manglande luktspreingsanalyse frå pumpehuset

Det vert og synt til at det føreligg sakshandsamingsfeil. Det er lagt ned påstand om at vedtaket er ugyldig og at saken må opp til ny behandling når sakshandsamingsfeilane nemnt i klagen er retta. Det gjelder brot på forvaltningslovas § 17: "Forvaltningsorganet skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før vedtak treffest."

Det vert synt til at ein oppdatert og fullstendig luktspreingsanalyse vil innehalde avgjerande informasjon om området er egna for regulering til kloakkreinseanlegg eller ikkje.

Klagene er lagt ved saka i si heilheit.

KOMMUNEN SI VURDERING I KLAGEOMGANGEN

Det synes til tidlegare saksframlegg og aktuelle saksdokument som vart lagt til grunn for kommunestyret sin handsaming og vedtaking av reguleringsplanen. Dokumentasjonen er omfattande. Administrasjonen finn å kunne syne til framlegget i plansaka i sin heilskap, vedlagt klagesaka. Vi legg samsframlegget og saksdokumenta også til grunn i klageomgangen, og meiner det svarer ut mange av klagemomenta.

Vurderingar av moment i klagen

Planavdelinga har gjort ein vurdering av klagepunkta. Dei listast opp under, knytt til respektive punkt i klagene.

Vurdering av klagen frå Trine Cecilie Johansen Lie og Kai Kristoffer Lie:

Pkt. 1

Lokalisering av reinseanlegget ved Kvassnesstemma vart vedteke av Alver kommunestyre 22.06.2023 og er ein premiss for planarbeidet.

Pkt. 2

Lukt og støy har hatt stort fokus i regulering og prosjektering av anlegget og er løyst innanfor gjeldande normkrav. Det er også gjort omfattande arbeid i utforming av bygget for at det ikkje skal verte for dominerande i høve til omgjevande.

Pkt. 3

Andre lokaliseringar er særskild godt utgreidd.

Pkt. 4

Det er gjennomført konsekvensutgreiing i planarbeidet.

Pkt. 5

I utforming av anlegget er det teke omsyn til nabolaget mellom anna i høve til støy, lukt, utforming og bevare så mykje av eksisterande vegetasjon som mogeleg.

Pkt. 6

Vi meiner at anlegget ikkje vil øydelegge for Knarvik som attraktivt regionsenter.

Vurdering av klagen frå Arvid Vatnøy:

Pkt. 1

Trase for røyrgate mellom reinseanlegget og pumpestasjonen skal brukast som midlertidig anleggsveg under bygging av pumpestasjonen for å unngå trafikk gjennom bustadområdet. Etablering av røyrgata medfører terrenginngrep og rydding av vegetasjon uansett, ved å bruke denne traseen til midlertidig anleggsveg vert det mindre belastning på bustadområdet sørvest for reinseanlegget.

Pkt. 2-3

Planen opnar opp for at det kan etablerast trekk mot nabotomt, detaljert utforming av området vert handsama i byggesak.

Planen opnar opp for at det kan etablerast solceller på tak, men det er også krav til grøn overflatefaktor som skal løysast innanfor utbyggingsfeltet.

Pkt. 4

I føresegn 2.4 g) står det at: «Store tre skal i størst mogleg grad bevarast. Dersom det er naudsynt å fella store/gamle tre, kan desse liggja igjen eller flyttast til eigna stad innanfor planområdet.» Dette er av omsyn til naturmangfald i området.

Pkt. 5

Det er gjort ei eiga vurdering av lyssetting av anlegget der lysforureining og energisparing har eit særskilt fokus, dette er spesielt med tanke på at anlegget skal vere minst mogleg sjenerande i nabolaget.

Pkt. 6

Hallen er senka så mykje som det er teknisk mogeleg.

Pkt. 7

Turteljar kan vere eit fint tiltak, men ikkje krav i reguleringsplan.

Pkt. 8

Støynivået er i tråd med gjeldande krav og det skal gjennomførast ei støymåling når bygget står ferdig som ei ekstra kontroll på at støykrava er overheldt.

Pkt. 9 – 11.

Luktkravet som er lagt inn i føresegnene er i samsvar med gjeldande normkrav. I samband med byggjesakshandsaminga for hovudreinseanlegget, skal det liggje føre ei ny luktspreiingsanalyse. Grenseverdi for berekna luktkonsentrasjon skal vera sett til 1 ouE/m³ for næraste busetnad. Dette er i tråd med anbefalte krav.

Pumpestasjonen er planlagt med luftavkast med tekniske installasjonar for reinsing av luft. Det er ikkje krav om luktspreiingsanalyse for pumpestasjon.

Administrasjonen vil i klageomgangen vise til at når det gjeld spørsmål om sakshandsamingsfeil, følgjer det av forvaltningslova § 41 at eit vedtak er ugyldig dersom det føreligg ein feil og den har hatt betyding for resultatet i saka.

Det er viktig å halde frå kvarandre materielle vurderingar som er gjort og feil knytt til prosess; ein kan vere ueinig i dei vurderingar som er gjort, men så lenge dei er gjort, ligg det ikkje føre sakshandsamingsfeil.

I dette høvet, kan ikkje administrasjonen sjå at det føreligg feil. Dei moment det vart synt til som grunnlag for feil, er vurdert i planprosessen. Luktproblematikken er det teken stilling til, både for hovudreinseanlegget og pumpehuset. Det same gjeld tiltaket si påverknad på omgjevnadene. Det vil vere uheldig om ein tek opp att slike forhold i ei sak som har vore gjennom ein omfattande prosess, med offentleggjering og medbestemming. Eventuelle tiltak knytt til ulemper som måtte oppstå, vil bli ivareteke i framtidige prosessar. Det vil til dømes vere krav til ny luktspreiingsanalyse i byggjesaka.

Konklusjon

Det er kommunedirektøren si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagane skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

GENERELL INFORMASJON

Vidare sakshandsaming

Om klagen ikkje vert teke til følgje vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Om klagen vert teke til følgje, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

Nytta lovverk

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslova § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel handsamast når det ligg føre særlege grunnar eller klagar ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslova §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeve, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen sitt utløp, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva ein ønsker endra og vere underteikna av klagar eller fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslova § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsett iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovas § 42.
- Med visse unntak har partane rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslovas § 11.
- Kommunen vil kunne gje naudsynt rettleiing for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovas § 11.
- Kommunen si frist for å førebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
- Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaka, er det høve til å krevje dekking av naudsynte og vesentlege kostnadar til advokat eller utgifter til annan juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovas § 36.
- Søksmål om gyldigheita av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin moglegheit til å klage på vedtaket og klagen er

avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømming frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningslova § 27 b.

Vedlegg

- | | | |
|----|---|---|
| 1 | Høyringssvar Knara 2025 | Offl. § 13 1. ledd, jf. Fvl. § 13 1. ledd |
| 2 | 2025-10-26 Klage omregulering Kvassneset.pdf | |
| 3 | 2 ghs - DRP - Hovudreinseanlegg i Knarvik. PlanID 46312023004 | |
| 4 | 2.Føresegner_1.7.2025 | |
| 5 | 1.Plankart_1.7.2025 | |
| 6 | 3.Planomtale_1.7.2025 | |
| 7 | 4.ROS-analyse_1.7.2025 | |
| 8 | 5.Illustrasjonsplan_1.7.2025 | |
| 9 | 6.Illustrasjonar snitt_11.2.2025 | |
| 10 | 7.Fotomontasje og perspektiv_10.2.2025 | |
| 11 | 8.Lengde og tverrprofiler veg_10.2.2025 | |
| 12 | 9.KU friluftsliv_25.6.2025 | |
| 13 | 10.KU landskap og arkitektur_9.12.2024 | |
| 14 | 11.KU naturmangfald_6.11.2024 | |
| 15 | 13.Klimagassberekning_22.11.2024 | |
| 16 | 16.Støyvurdering_25.6.2025 | |
| 17 | 17.Vurdering luktspredning_26.11.2024 | |
| 18 | 20.Medverknadsrapport_12.12.2024 | |
| 19 | 21.Merknadsskjema oppstart_14.6.2024 | |
| 20 | 22.Merknadsskjema offentlig ettersyn_26.6.2025 | |
| 21 | 25.Saksframlegg 1 ghs m vedtak_26.3.2025 | |